

Politisk program

for

**Luster KrF**



2015 - 2019



Frå Skaparen si hand er Luster kommune rikt utrusta med ein storslegen natur, brear, fjell og fjordar, elvar og fossar som kastar seg nedover fjellsidene.

Innimellom dette ligg dei mange bygdene våre som me er stolte over.

Dette er naturrikdomar og verdiar som me som politikarar skal forvalta til beste for dei som bur her, og gje vidare til komande slekter i god stand.

Viktigaste ressursen er likevel innbyggjarane i kommunen.

KrF vil leggja til rette for ei positiv utvikling der me kombinerer det særigne med framtidsretta satsing. Innbyggjarane i Luster vil få dei beste tenestene ved at kommunen ikkje vert slegen saman med nabokommunane. På den måten vil me klara å halda oppe bygdene våre som levande bygder.

Luster KrF ynskjer at kommunen skal vera ein framifrå arbeidsplass og ein attraktiv plass å busetja seg. Luster KrF ynskjer å vera ein aktiv medspelar i utviklinga av kommunen også i komande periode. Med ei sterk kommunegruppe klarer me dette. Stem KrF !



*Dei fem fyrste kandidatane på kommunevallista til Luster Kristeleg folkeparti. Frå venstre: Sonja Bjørnevåg, John Oddvar Vinda, Oddny Urnes, Torodd Urnes og Beate Bondevik Lie.*

Ordførarkandidaten vår, **Torodd Urnes**, har lang politisk erfaring. Han har vore ordførar i kommunen i to periodar tidlegare, 8 år, og har god kjennskap til og kunnskap om kommunen. Han ynskjer no å vera med, gjennom politisk arbeid, å styra kommunen til beste for innbyggjarane. Me har det godt i Luster, og me ynskjer å ta vare på verdiane våre til komande slekter og samtidig ta vare på kvarandre

**Luster KrF vil framleis styrka Gaupne som kommunesenter.**  
**Eit sterkt kommunesenter gir positive ringverknader for heile kommunen.**

### **Luster KrF vil arbeida for:**

- God tilgang på byggjeklare tomtar i Gaupne.
- Gå inn for bygging av leilegheiter/fleirmannsbustader i sentrum.
- Halda fram med sentrumsopprustinga.
- Laga ein finare "innkomst" til kommunesenteret.
- Pynta opp industriområde.
- Skjerma landbruks-eigedomar som er i aktiv drift.

### **Familie og omsorg**

Gode og trygge heimar er den viktigaste berebjelken samfunnet har, og den beste garantien for eit sunt folkeliv.



### **Luster KrF vil arbeida for:**

- Styrka stillinga til heimen og familien.
- Ein trygg oppvekst for borna.
- Leggja til rette for gode buplassar – bustadfelt / spreidd busetnad.
- God integrering av flyktningar.
- Sikre tryggleik og støtte til familiar med born som har spesielle behov.

### **Næringspolitikk**

#### **Luster KrF vil:**

- Stø eksisterande næringar og leggja til rette for nyetableringar og kompetansearbeidsplassar på ulike stader i kommunen.
- Stimulera til næringsutvikling gjennom aktivt bruk av Næringsfondet.
- Arbeida for, og i tillegg støtta, næringsutvikling i regionen

## Oppvekst og utdanning

### Luster KrF vil arbeida for:

- God og sikker barnehagedekning, valfri 60, 80 og 100% plass.
- Kvalitetsrikt skuletilbod der elevane står i sentrum.
- Fokus på arbeid mot mobbing i barnehage og skule.
- At kommunen er ein dyktig skuleeigar.
- Å styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om opplæring det er trong for.
- Å stimulera til fleire lærlingplassar.

## Landbruk

Landbruket har vore ei svært viktig næring i kommunen og grunnlaget for den spreidde busetnaden. Bygdekulturen er knytt til landbruket som næring, og lever vidare i den grad landbruket si framtid vert sikra.

### Luster KrF vil:

- Få den unge generasjon inn i landbruket.
- Gje ekstra støtte til unge brukarar.
- Ikkje ha store rovdyr i fjellområda våre.
- Verna om den beste dyrka marka i kommunen.
- Vidareføra stimulerande tilskotsordningar.
- Motivera til sal av tomme gardsbruk.
- Gje støtte til tilleggsnæringar.
- Styrka rettleiingstenesta.



## Edruskapspolitikk

Auke i rusmisbruk, psykiske lidingar og familieoppløysing gjer at vi må auka innsatsen innan rusomsorg, familievern og barnevern. Lettare tilgang på rusmidlar fører til auka bruk av desse.

### Luster KrF vil:

- Arbeida for å redusera rusmiddelbruken i kommunen.
- Prioritera førebyggjande ungdomsarbeid.
- Ikkje gje skjenkeløyve i kommunale bygningar.

## Helse- og sosialpolitikk

Alle som treng omsorg, pleie og hjelp skal vera trygge på å få det når dei treng det. Vi må legge til rette for at eldre og hjelpetrengande kan bu heime lengst mogeleg.

### Luster KrF vil arbeida for:

- Ein verdig, trygg og god alderdom i Luster kommune.
- Tilbod om gratis samlivskurs til alle.
- Å redusere uønska små stillingar.

## Kultur

Det kristne livssynet er fundamentet i kulturpolitikken vår.

### Luster KrF vil:

- Stø opp om kyrkja og det frie organisasjonslivet.
- Stø opp om alt frivillig drive organisasjonsarbeid.
- Leggja til rette for eit trygt og rusfritt ungdomsmiljø.
- Stø opp om Sogn Skisenter.
- Spissa kulturmidlar mot born og unge.



## Natur- og miljøvern

### Luster KrF vil arbeida for:

- Ei ansvarleg forvaltning av miljø- og naturressursane våre.
- Styrka næringsutvikling i og rundt verneområda.
- Å stimulera til tiltak som reduserer attgroinga.
- Forsvarleg utbygging av vasskraftressursane.

## Samferdsle

Det er ei målsetting for KrF å halda oppe den spreidde busetnaden. Det føreset godt utbygd vegnett i og gjennom kommunen.

### Luster KrF vil arbeida for:

- Utbetring av Fv 55 Nes - Fortun.
- Rassikring av utrygge vegparti.
- Auka løyving til vedlikehald og opprusting av dei kommunale vegane.
- Tunnel gjennom Sognefjellet.
- Å oppretthalda ferja Solvorn - Ornes.



## Turistnæring

Luster er eit interessant reisemål for turistar. Luster KrF vil vera med og vidareutvikla turistnæringa i kommunen, og stø opp om nye tiltak.

- Kulturopplevingar og lokale mattradisjonar er eit viktig satsingsområde.
- Verdsarv- og nasjonalparkstatus er viktig å utnytte i turistsamanheng.

KrF sin visjon er eit varmt og verdiforankra samfunn bygd på dei kristne grunnverdiane. Eit samfunn der alle har lik verdi, opplever rettferd, og at ressursane vert forvalta ansvarleg til beste for alle menneske.



*Menneskeverd  
i sentrum*

[www.krf.no/sfj](http://www.krf.no/sfj)



## Valliste for Luster KrF – kommunevalet 2015

Nr	Namn	Fødselsår	Adresse
1	Torodd Urnes	1953	Marifjøra
2	Beate Bondevik Lie	1978	Hafslo
3	Oddny Urnes	1978	Fortun
4	John Oddvar Vinda	1961	Gaupne
5	Sonja Kristin Bjørnevåg	1979	Fortun
6	Jan Henry Tverberg	1967	Luster
7	Reidar Solheimsnes	1940	Hafslo
8	Randi Margrethe Nes	1948	Veitastrand
9	Arvid Heggstad	1953	Hafslo
10	Grethe Snekkevik Bondevik	1988	Høyheimsvik
11	Olav Rygg	1952	Marifjøra
12	Aud Øygard	1948	Fortun
13	Einar Nygard	1944	Hafslo
14	Gunn Tove Nyheim	1973	Skjolden
15	Willy Vigdal	1966	Gaupne
16	Johanne Malene Tverberg	1973	Marifjøra
17	Erik Skjerdal	1974	Høyheimsvik
18	Wenche Samnøy	1970	Fortun
19	Konrad Molland	1953	Veitastrand
20	Borgny Tangen	1935	Luster
21	Bjørn Kalstad	1981	Høyheimsvik
22	Jorunn Gunnes Sie	1968	Hafslo
23	Sigbjørn Engjom	1990	Solvorn
24	Bergljot Snøtun	1951	Jostedal
25	Sigvald Høyheim	1981	Luster
26	Signy Haldis Skagen	1950	Fortun
27	Charles Brennesvik	1958	Hafslo
28	Margot Johanne Ugulen Neset	1951	Gaupne
29	Jan Idar Øygard	1971	Hafslo
30	Marianne Engjom	1961	Solvorn

